

2012– To dokumenterte hekkingar og eit elles bra år for åkerrikse

Bestand

Per 01.12.2012 hadde det vorte rapportert inn 164 syngande hannar for hekkeseongen i 2012. Dette er to færre rikser enn i 2011, og sesongen gjekk dermed inn som den sjette beste sidan Norsk Ornitologisk Foreining (NOF) starta åkerrikseprosjektet i 1995. 2012 kan difor kan reknast som eit middels bra år for åkerrikse. For første gong etter at Fylkesmannen i Rogaland overtok koordineringa av prosjektet i 2008 er det dokumentert hekking.

Feltaktiviteten på prosjektet var stort sett på same nivået som dei tre føregåande åra. Endringar i populasjonen sidan 2008 kan difor ikkje skuldast ulik feltinnsats. Svingningane i populasjonen desse åra vert difor tolka som reell.

For Rogaland vart det ein fin auke på 85% (tilsvarande 17 rikser) frå 2011, medan det i Oslo og Akershus vart ein nedgang på 51% (tilsvarande 26 rikser). I dei andre Austlandsfylka var det litt opp og ned, men spesielt Telemark hadde ein fin auke frå 2011 (10 fleire rikser). Rogaland vart på nytt årets beste fylke med til saman 37 syngande hannar. Oslo og Akershus kom på andreplass med 23 rikser. Berre i Nordland og Finnmark vart det ikkje observert åkerrikse i 2012. I åtte fylke hadde talet på syngande åkerrikser gått opp frå 2011, medan det i åtte andre fylke hadde gått ned.

Tala er førebelse, men gir likevel ein god peikepinn på populasjonen. Oppdaterte og finjusterte tal vil du kunna lesa i NOF sin rapport om åkerrikseåret 2012. Rapporten kjem i mars 2013.

Tabellen viser utviklinga i den norske åkerriksebestanden etter at Norsk ornitologisk foreining (NOF) starta overvaking av bestanden i 1995. Fram til 1995 hadde bestanden vore utsett for ein massiv nedgang, og var på eit minimum då prosjektet starta.




Fig. 1: Oversikt over talet på syngande åkerriksehannar i Noreg frå prosjektet starta i 1995 og fram til i dag.

På byrjinga av 2000-talet, hadde bestanden ein opptur. Oppturen var truleg ikkje eit resultat av betra reproduksjon i Noreg. Han var truleg heller eit resultat av påfyll frå Aust-Europa på grunn av gunstige tilhøve der, kombinert med gunstig vêr og søraustlege vindar frå søraust.

I 2010 kunne ein kanskje skulda nedgangen frå 2009 på dårleg vêr og nordlege vindar under trekket, slik at mange åkerrikser slo seg ned før dei kom fram til Noreg. For 2012 kan ein kanskje forklara endringane i fordelinga på landsbasis ut frå vertilhøva. Veret var toleg bra i Rogaland på våren og i byrjinga av juni, medan det på Austlandet var ein dårleg sommar. Dette kan ha ført til fleire åkerrikser i Rogaland, og færre åkerrikser i Vestfold og Oslo og Akershus.




Fig. 2: Oversikt over kor mange åkerriksehannar som vart registrerte i kvart fylke.

Auken i Rogaland var i hovudsak i Karmøy kommune, som hadde 11 syngande hannar. I Karmøy kommune har det gjennom heile handlingsplansperioden vore bra samarbeid mellom kommunen, ornitologar og bønder, som alle har jobba målretta og langsiktig over lang tid. Det er all grunn til å tru at dei fine tala frå Karmøy kan skuldast denne innsatsen.

Hekking

I 2012 fekk me inn dokumentasjon på to hekkingar. Begge desse hekkingane var i Karmøy kommune i Rogaland. Sett ut frå den lange og gode innsatsen som har blitt sett inn i Karmøy kommune, er det nok ikkje tilfeldig at hekkingane vart dokumenterte akkurat her.



Fig. 3: Den eine av kyllingane frå Ådland på Karmøy – den som fekk namnet Crex Karma. Foto: © Peder Christiansen

Den eine hekkinga var på Ådland, der 5 åkerriksekyllingar vart oppdaga på eit jorde under slått. Kyllingane vart samla inn og tatt vare på. Ettersom tre av kyllingane var i tilsynelatande av god form, vart desse sleppte ut same dag, medan dei to siste, som var i dårlegare forfatning, vart tatt vare på. Den eine av desse døydde etter kort tid, medan den andre vaks opp og vart sleppt ut i byrjinga av oktober.

Den andre dokumenterte hekkinga var på Vea, der det etter slått vart funne eit gammalt reir med restar etter klekte åkerrikseegg. Dette arealet hadde også vorte sett av med utsett slått på grunn av syngande åkerrikse tidlegare i sesongen.

I 1 tilfelle i Oppland har ein rapportert om mogleg hekking.

Frå resten av landet er det ikkje rapportert om hekking eller sterke indikasjonar på dette. Grunnen til at det ikkje er rapportert om fleire hekkingar, kan vera at det er svært vanskeleg å finna reir av åkerrikse. Det kan difor ha vore hekkingar som ikkje har vorte påviste.



Fig. 4: Eggeskal - restar etter åkerriksehekking på Vea. Foto: © Peder Christiansen

Ein åkerriksehann som har fått para seg, kan fort gå over til å synga mykje mindre enn tidlegare. I mange tilfelle kan han også forsvinna heilt, ettersom det er ho som rugar egg og passar på kyllingane den første tida. Hannen vil vera tent med å flytta seg til ein annan stad for å forsøka å tiltrekka seg ei ny hoe. Dersom ein vurderer hekking ut frå songåtferd, kan det difor vera snakk om mange fleire hekkingar, men desse vil me aldri få påvist.

Syngande hoer

Det vart i 2012 også rapportert om syngande hoer av åkerrikser. Mykje kan tyda på at hoene til åkerrikse også kan synga – med same intervall som hannane, men lyden er klarare og ikkje så raspete, og kan faktisk minna om ein bjeffande hund. Det finst også utanlandsk litteratur som skildrar dette fenomenet. Vi veit derimot ikkje kva hosangen til åkerrikse betyr. Er det ei ho som vil ha seg ein hann, eller er det ei ho som har parra seg og lagt egg/fått ungar? Ettersom me ikkje veit dette, er det vanskeleg å vita korleis me skal tolka desse observasjonane.

Metode

Norsk Ornitologisk Foreining (NOF) hadde ansvaret for innsamling og vurdering av observasjonar. Kjerneområde i dei tre utvalde fylka (Oslo og Akershus, Hedmark og Rogaland) vart overvaka systematisk for å fanga opp alle syngande hannar i området. NOF hadde også ansvaret for å samla inn og verifisera meir perifere område i desse fylka, samt resten av landet. Fylkesmannen i Rogaland hadde ansvaret for å sjekka opp rapportar som kom inn i web-skjema på www.akerrikse.no, samt å leggja dei inn i Artsobservasjonar, eller vidareformidla desse til rett fylke. Alle observasjonane vart lagde inn i fuglemodulen i Artsobservasjonar, og kunne dermed hentast ut ved behov. Fylkesmennene i Rogaland, Hedmark, Oslo og Akershus, samt Østfold, gjekk inn direkte for å henta ut observasjonar frå sine fylke. Dei andre fylkesmennene fekk observasjonane vidaresend frå Fylkesmannen i Rogaland når det var aktuelt.

Fylkesmennene hadde deretter ansvaret for å vidareformidla og følgja opp

observasjonane i sitt fylke. I dei aller fleste tilfella gjekk dette ut på å informera kommunen og be kommunen om å kontakta grunneigarar/leigetakarar for å informera dei om at dei hadde åkerrikse på eigedommen sin, og oppfordra dei til å setja i verk tiltak for å ta vare på henne. Same ansvarsrekkja gjaldt for å informera om diverse tilskotsordningar, samt sørjja for at desse vart utbetalte der det vart sett i verk tiltak.

Tiltak og erstatning

Utsett slått og åkerriksevennleg slåttmønster

Også i 2012 vart det satsa på ulike tiltak. Størst var også dette året satsinga på utsett/avstått slått av areal kor det vart observert åkerrikse. Tre (seks) fylke fekk gjennomført slike tiltak, og totalt 11 (17) åkerrikser vart forsøkt sikra. (Rogaland: 8, Vest-Agder: 1, Akershus: 1, Oppland: 1). Tala frå 2011 står i parentes.

Dette utgjorde eit totalt areal på 89 (222,9) dekar som ikkje vart slått til vanleg tid. Gjennomsnittleg areal sett av til kvar åkerrikse var på 8,1 (13,1) dekar. Alle tiltaka med utsett slått vart gjennomførte på dyrka mark med slåtteng, men nokre få var kombinert med beitemark. Den utsette slåtten vart som oftast kombinert med åkerriksevennleg slåttmønster.

I tillegg vart slåtten gjennomført etter åkerriksevennleg mønster for 2 (10) åkerrikser der det av ulike årsaker ikkje vart avsett areal.

Eit ukjend tal åkerrikser sat i areal som var verna, låg brakk, eller som ikkje skulle slåast av andre grunnar. Desse vart difor vurderte til å sitja trygt, og tiltak vart sett på som unødvendig. Vi har førebels ikkje fått innrapportert hekkingar sortert på slike areal for 2012.

På grunn av den fuktige sommaren og hausten i 2012, hadde ein del av bøndene, spesielt på Austlandet, problem med å få slått grasen eller treska kornet til normal tid. Dette kan ha vore ein fordel for åkerrikse, og førte i svært mange tilfelle til at det ikkje var behov for å setja i verk tiltak. Det er derimot uvisst kva direkte effekt det våte véret har hatt på åkerriksene og hekkesuksessen deira.

Alle bøndene som utsette slåtten fekk utbetalt erstatning for avlingstap. Til 2010-sesongen vart det i samarbeid mellom Fylkesmannen i Rogaland og Bondelaget utarbeidd forslag til satsar for erstatning. Desse satsane vart også brukte i 2012. Satsane var stort sett dei same som for 2010 og 2011, d.v.s. 1500 kr/daa for tre tapte slåttar, og 1000 kr/daa for to tapte slåttar. I tillegg vart det utbetalt erstatning for ekstraavgifter ved åkerriksevennleg slått i samband med utsett slått, der kor dette var aktuelt. Ettersom det ikkje var aktuelt å setja av utreska areal i kornåkrar, vart det heller ikkje utbetalt erstatning til dette. Ei av åkerriksene det vart sett av areal for, sat på kommunal grunn Songdalen (VA). For dette arealet vart det difor ikkje utbetalt erstatning.

Totalt vart det utbetalt 142.140,- (188.360,-) kroner i erstatning til utsett slått og åkerriksevennleg slåttmønster. Medan det meste av erstatningane i 2009 gjekk over SMIL-budsjettet i kommunane, har erstatningane sidan 2010 i dei fleste tilfella vorte delte mellom SMIL (60%) og pengar frå handlingsplan for åkerrikse (40%). I eitt fylke (Oppland) vart det nytta reine SMIL-middel, medan det i eitt anna tilfelle, kor det ikkje lot seg gjera å bruka SMIL, vart nytta reine handlingsplanmiddel. I ein annan kommune vart det nytta både SMIL-pengar, handlingsplanspengar, samt andre middel).

I samråd med Bondelaget har Fylkesmannen i Rogaland også fått i stand ein mal for avtalar mellom kommunen og bonden som skal gjennomføra tiltak. Dette verktøyet har gjort prosessen rundt tiltak og erstatning ryddigare og meir samordna.

Åkerriksevennleg drift på bakgrunn av avsett areal på grunn av åkerrikse året før

I 2009 vart det i eitt tilfelle avsett areal til åkerriksevennleg drift på bakgrunn av eigna habitat, kombinert med åkerrikse tidlegare år. Arealet kunne ikkje tilverkast før etter 1. august, og det kunne heller ikkje gå beitedyr på området før 1. august. Målet var å laga eigna habitat i eit aktuelt område, som skulle tiltrekkja seg åkerrikse. Det vart ikkje observert åkerrikse på dette arealet i 2009, og for å målretta tiltaket meir, vart kriteria i 2010 endra til å berre gjelda område kor det sat åkerrikse året før, og som hadde fått avsett areal. Ordninga er berre aktuell på Vestlandet, ettersom åkerriksene på Austlandet i mindre grad kjem tilbake til det same jordet år etter år. Dersom det ikkje vert observert åkerrikse innan 10. juli, kan bonden gjerne slå graset før 1. august, og tilskotet vil verta endra deretter.

Denne ordninga vart ikkje nytta i 2012.

Langsiktig sikring av areal

Arbeidet med å sikra gode areal for åkerrikse på lang sikt, vart diverre ikkje prioritert i 2012.

Med bakgrunn i meldingar om åkerrikseobservasjonar dei siste tre åra, vart eit område på om lag 23 dekar regulert inn som "spesialområde åkerrikse" på Vibrandsøy i Haugesund, Rogaland i 2009. I tillegg vart eit større areal regulert til naturvernområde. Området nord for "spesialområdet åkerrikse" kan vera aktuelt som utvidingsområde. Her er det sauebeite i dag.

Heile Vibrandsøya vart i september 2009 kjøpt opp av Haugesund kommune for friluft- og naturformål. Miljøverndepartementet donerte halvparten av summen, 7,5 millionar, til oppkjøpet. Det er difor gledeleg at det også i 2010 vart observert åkerrikse i hekketida på Vibrandsøy. I 2010 byrja Haugesund kommune arbeidet med skjøtselsplan for Vibrandsøy. Arbeidet med denne er svært komplisert og tidkrevjande, og eit utkast til skjøtselsplan for åkerrikseområdet ligg enno ei stud fram i tid.

I Rælingen, Akershus, vart det i 2009 sett i gang langsiktige tiltak på Fautøya i Nordre Øyeren. I samband med forvaltningsplanarbeidet for Nordre Øyeren naturreservat, bestemte fleire bønder som dreiv med kornproduksjon på Fautøya, seg for å leggja om drifta til grasproduksjon. 2009 gjekk i hovudsak med til restaurering, og i 2010 og 2011 har dei 110 dekar blitt drive på ein måte som legg til rette for hekking av åkerrikse og andre raudlista kulturlandskapsartar. Arealet har ikkje vorte slått eller hatt inne beitedyr før etter 1. august. For 2012 vart det utbetalt driftsstøtte til Fautøya frå støtteordninga i landbruket.

Informasjon

Vinteren 2008-2009 vart det produsert informasjonsmateriell for handlingsplanen. Materiellet inkluderte 8000 brosjyrar, 1500 plakatar, 3 roll-ups og 2000 jakkemerke med åkerrikselogo på.

Informasjonsmateriellet har vorte distribuert til organisasjonane me samarbeider med (NOF og Bondelaget), samt til alle fylkesmennene. Fylkesmennene i dei tyngste fylka har distribuert dette vidare til kommunane sine, alt etter kor potensielle desse er for åkerriksa. Fylkesmennene i dei tre viktigaste åkerriksefylka har fått roll-up.

Også i år har det vorte sendt ut supplerande brosjyrar, plakatar og jakkemerke til dei som hadde gått tomme. Bortsett frå jakkemerke, ligg det eit restlager hjå Fylkesmannen Rogaland. Dette vil verta sendt ut etter behov.

I 2010 vart det også produsert skilt til oppsetjing der kor det vert sett av areal. Skilta forklarar prosjektet og kvifor enga/åkeren ikkje vert slått/hausta, og bonden slepp difor at folk mistenkjer han/henne for å vera ein dårleg bonde.

Det har tidlegare år vore innslag i om handlingsplanen og åkerriksa i lokale media. Dei dokumenterte hekkingane og kyllingen som vart ala opp i fangenskap fekk i 2012 mykje merksemd frå media. Det var meir, eller mindre dagleg rapport om åkerriksa på Karmøy i Nitimen på Nrk. I tillegg var det fleire små og store innslag i lokale aviser, samt på lokal-tv og –radio. Denne profileringa i media hadde god effekt og førte til at fleire i det ikkje-ornitologiske miljøet fekk auka kunnskap om og interesse for åkerriksa, trua artar og biologisk mangfald.

Direktoratet for naturforvaltning produserte i byrjinga av 2010 t-skjorter for alle handlingsplanane for trua artar. Sjølv om me fekk ettersendt fleire t-skjorter, har Fylkesmannen i Rogaland no distribuert ut alle desse, og behaldninga er no dessverre tom. T-skjortene med åkerriksemotiv vart distribuert til ulike personar knytt til prosjektet, eller som kunne spreia blæst om prosjektet. Mellom anna vart Knut Nærum i Nrk-programmet Nytt på nytt tilsendt ei t-skjorte. Denne brukte han i programmet den 5. mars 2010.

Forsking

I 2011 gjennomførte Thorstein Holtskog eit prosjekt for å forsøka på påvisa hoer i bestanden. Dette vart gjort ved å fanga inn så mange hannar som mogleg, for så å håpa på at hoa ville visa seg. Det vart ikkje funne nokon hoer, og kjønnsfordelinga i populasjonen er difor framleis uviss. Konstaterte hekkingar på Vega og i Vestfold i 2011, og dokumenterte hekkingar i Karmøy i 2012 kan likevel tyda på at det finst nokre hoer her.

Det var dessverre ikkje nok pengar på prosjektet til at dette forskningsprosjektet kunne halda fram like intensivt i 2012. Holtskog fanga likevel inn og ringmerka dei fleste åkerriksene på Jæren og øyane. I 2012 vart ei åkerrikse, som vart ringmerka i 2011, funne att på same staden som ho sat i 2011. Sjølv om dette er alt for lite utval til å seia noko sikkert, kan dette gjenfunnet likevel støtta teorien om at det er dei same åkerriksene som kjem att til same jordet år etter år.

Ei av åkerriksene som vart fanga på Rennesøy i 2012, vart seinare observert på Karmøy. Dette støttar «songstudiet» til Mikkelsen, som fann ut at åkerriksene kan flytta seg over store avstandar gjennom sesongen.

Konklusjon

2012 var eit bra år for åkerrikxa, med 164 registrerte syngande hannar. Det er også to dokumenterte hekkingar. I hovudsak var det ein oppgang i Rogaland, og spesielt Karmøy, og ein nedgang på Austlandet, spesielt i Oslo og Akershus og Vestfold. Mykje kan tyda på at nedgangen i populasjonen på Austlandet denne sesongen, kunne skuldast dårlege vértilhøve sommaren 2012. Dei gode resultatata frå Karmøy kan truleg knyttast til langvarig og god innsats med tiltak for åkerriksene der. Distribusjonen av syngande hannar på Karmøy i 2012, kan tyda på at det kan ha vore ei vellykka hekking rett sør Åkrehamn i 2011.

Samstundes viser resultatata frå studia til UMB-studentane at det truleg er ein god del færre åkerrikser enn det teljingane viser, ettersom dei kan flytta seg over store avstandar, og dermed verta talte fleire gonger. Det er utarbeidd ein metode for å sannsynleggjera reelle tal ut frå tid- og stadfesta registreringar.

Sjølv om det vart dokumentert hekkingar, og talet på åkerrikser haldt seg rimeleg stabilt frå 2011, kan ein heller ikkje for 2012 seia at framtida til åkerrikxa i Noreg er sikra. Resultata med gode tal og hekkingar på Karmøy kan tyda på at iherdig innsats gir resultat. Det er likevel framleis for tidleg å dra endelege konklusjonar rundt prosjektet. Mykje tyder også på at ein i tillegg til å utsetja slåtten, bør satsa meir på alternative tiltak for å bevara åkerrikxa i åra framover.

Det meste av arbeidet i 2012 gjekk ut på å registrera og å kontakta bønder for å informera og få gjennomført tiltak. Det vart også lagt ned ein enorm innsats i å ta seg av, ala opp og sleppa den eine åkerrikseungen som var skrøpeleg etter slåtten på Karmøy.

Det vart gjennomført tiltak i 3 fylke. Kommunar og grunneigarar vart i stor grad kontakta og informerte om åkerrikxa og aktuelle tiltak. For minst 12 åkerrikser vart det sett av areal som ikkje vart slått (eller, i eitt tilfelle brakka) og for minst 2 åkerriksene vart det gjennomført åkerriksevennleg slått.

Dersom ein samanliknar tala frå 2012 med tala frå 2011, ser ein at det har vore ein drastisk nedgang i innsatsen på tiltakssida. Talet på rikser som vart forsøkt redda med å gjennomføra tiltak for, gjekk ned med 35,3 %, og det totale avsette arealet gjekk ned med 60,1 % frå 2011. Dette kan ha ulike årsaker. På grunn av avgrensa budsjetttrammer, kunne me ikkje setja inn like stor innsats som tidlegare år. Prioriteringane for å setja i verk tiltak vart difor ekstra strenge, og i nokre tilfelle kunne det vore sett inn større innsats for å følgja opp einskilde åkerrikser. Langt på veg vart likevel dei fleste potensielle hekkeindikasjonane følgde opp. Ein annan årsak kan vera at me ikkje har fått rapport frå fleire fylke. Tiltak og arealstorleik kan difor vera underrapporterte. I tillegg var det ein dårleg sommar, spesielt på Austlandet. Dette førte til at slåtten nokre stader vart så utsett, at det ikkje var naudsynt å utsetja han ytterlegare for å ta vare på åkerrikxa.

Samarbeidet med ornitologar, bønder, landbrukskontor og landbruksavdelingar var i 2012 svært godt, og er noko prosjektet bør byggja vidare på. To dokumenterte hekkingar kan også tyda på at fleire år med god innsats gir resultat.